



Alutec As
Øivind Pedersen
Industrivegen 43
5210 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10401 - 22/67375

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 345/54 Vikebø


Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 345/54
Tiltakshavar: Reidar Helgesen
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.01.2022. På grunn av uvanleg stor saksmengd har det teke lenger tid enn ynskjeleg å fylgja opp søknader. Vi beklagar for dei ulempene dette evt. har medført.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opphavleg flytebrygge som ble godkjent den 28.11.2018 vert kopla mot gbnr 345/25 og hadde 4 utriggar:




Efter klage som fekk delvis medhald satte UDU som vilkår at flytebryggja ikkje skulle ha utriggar:

UDU - vedtak:

Klagen taes delvis til følge. Utvalget er positiv til flytebrygge, men tiltakshaver må søke på nytt med en bedre tilpasset plassering uten uteligger, som hensyntar naboeiendommene bedre.

På grunn av dette vilkåret kunne ikkje kommunen handsame endringssøknaden sendt inn den 13.05.2019:




Søknaden ble da besvart den 05.06.2019 med følgende melding:

Dette inneber at du kan søke om plassering av flytebrygge, men ikkje med utligger på. Vi kan handsame søknaden når den viser plassering som angjeve av utvalet.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar
Meland kommune

Den 12.01.2022 ble det søkt om flytebryggje som både har utriggar, og som i tillegg har ein anna plassering enn det som var godkjent i opphavleg rammeløyve - denne gangen kopla til gbnr 345/54:



Endringa i førehald til opphavleg godkjente søknad er for stor til at det kan akseptrast som ein endringssøknad, og vil krev ein **ny, komplett byggesøknad** med **nabovarsel**. Ny søknad vil og krev **søknad om dispensasjon frå plankravet**.

Kommunen ber om at tilleggsmasjjon vert sendt inn samla innan **25.10.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alutec As

Industrivegen 43

5210 OS